

Ungdomsråd og kommunar i Sogn og Fjordane

Invitasjon til Nettverkssamling 2014 Ungdomspolitisk utval (UPU)

Ungdomspolitisk utval (UPU) ynskjer med dette å invitera deg til nettverkssamling på Skei hotell 8. til 9. november 2014.

Helga vert fylt med spennande foredrag, lærerike kurs og mykje sosialt samvær. I år vil me fokusera spesielt på korleis eit ungdomsråd fungerer. Me vil hjelpa ungdomane i kommunane med å ha eit ungdomsråd som er velfungerande, slik at ungdom i heile fylket vert høyrd. Me held med dette kurs i tale- og debatteknikk og me har eit eige leiarkurs. Samlinga vert med gjestar som er svært erfarne innan for desse områda.

Det nye med nettverkssamlinga i år, er at dei kommunane som ikkje har eit fungerande ungdomsråd, har høve til å senda to engasjerte ungdommar. Kommunen står fritt til å senda kven dei vil, men me tenkjer elevrådet er ein fin plass å finne engasjert ungdom. Dei får ein unik sjanse til å få inspirasjon og få eit breitt nettverk til å starta sitt eige ungdomsråd i sin kommune. UPU vil hjelpa kommunane med seinare arbeid.

Målet vårt med samlinga er at ditt ungdomsråd skal verte betre og at du skal ha meir å bidra med når du kjem attende til din kommune.

Kvart ungdomsråd kan senda tre deltakarar, og dei andre kommunane kan senda to. Dette brakar for fullt laust kl. 13.00 på laurdag den 8.november. **Påmeldingsfristen er sett til 3. oktober 2014.**

Lenke til påmelding: <https://response.questback.com/sfj/nettverkssamling2014/>

Med helsing

Ungdomspolitisk utval
Dag Henrik Nygård
Leiar

Guro Høyvik
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Program for nettverkssamlinga 2014

Mottakar (ar)

Ungdomsråd og kommunane i Sogn og Fjordane